

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Nord - Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kolvereid.

Emne: A R D O G P L O G

Bygdelag: Lund

Oppskr. av: Øystein Nordsjø

Gard: Lund

(adresse): Lund i Namdal.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Erik A. Lund, 80 år, heimst. Lund, småbrukar.

SVAR

1. Både ard og plog er og brukas i bygda idag.
2. Arden brukas framleis. Han vart ikkje brukt korkje ved såing eller etter såing. Her var det mest grevet som vart nytta til å hakke kornet ned med, seinare harv.
3. Det er truleg at arden vart nytta til å lage rader, men mest er den og brukas framleis som hyppeplog.
- ** Her finnes berre ein slags ard.
4. Arden liknar mest på fig. 5 og seinare som fig. 6 med to armer. Typene 1-3 kjennes ikkje her. Nei.
5. Kjennes ikkje her.
6. Trelæsten, veltefjøla, skjerran (kniven) odden og framsr. moldhæln (mlohæln).
Skoklene kalles skjekerne. ei skok, fl. skjeker.
7. Nei d t er ikkje brukt her, men veltefjøla var skapt på ymse måtar, bøyen var det litt skildnad på.
8. Veltefjølene var faste.
9. Ordet ard er ikkje bruk om nokon harvtype.
10. Dybdegangen kunne reguleres ved at den bakre arm på plog fig. 5 ved trepropper kunne heves opp eller ned som ønska djup eller grunn pløyning.
11. Her er brukt ymse ardtyper som liknar på fig. 5 og 6. I 1880 var fig. 5 almindeleg plogtype her.

Erik kan erindre at han brukte en sådan i 1886.

Hans plog hadde jernfjøl.

Ikring 1880 åra vart fig 5 avløst av fig. 15.

eller nytta om einannan.

Bruktes mest til hypping. Nei. Ikkje kryss og tvers.

Dei hadde kniv, " Skjerarn ". Veltlefjølene var faste og laga av jern.

12. Trevyrke vart jamnast laga heime på garden eller av nokon trehendt mann i nabologet, og jarnet vart så smidd og påsett av ein bygdasmed, her inne på Oplø.

13. No brukes berre fabriksmidde ploger, men to gamle skal enno vera oppbevart, ein på Lund og ein på Smines. Det ligg og reklingar av nokre gamle plogar her og der.

I 1870 kom dei første moderne ploger hit, men det var ikkje mange som hadde råd å kjøpe sådanne.

Plogsmeden fekk som oftast 2 daler for sitt arbeide.

14. Fig. 8 kjennes ikkje her

15. Plogkaren hadde med ein trespade for å renske veltlefjøla for mold. Denne vart festa til plogen utan at det var laga noko ekstra for å feste den.

ca 1m lang.

Spadn var så lang, lm. at plogkaren kunne nå fram til fjøla fra den plass han stod når dei stoppa.

16. Plogen vart velta til høgre sida der veltlefjøla var. når dei kjørte attende.

17. Det var hefta ein kloss på åsen. Denne vart kalla Slithel. og satt frampå åsen ved fig 8,d.

18. Her var berre høyreplog.

19. Med desse plogane kunne ein pløya 5 tommers djupt. med fig.5. Dei regulerte desse med å løfte opp eller senke bakre arm. Desse vart da festa med treproppar. Frampå var ein slepesko som kaltes ^{mel} Molthelm

"Mollheln".

20. Det var alltid ein skjerrark som seinare vart kalla ristill.
21. Nei ikkje her, men Erik har hørt at dei brukte sådanne oppe i Lofoten. (da han var på fiske der.)
22. Nei, ingen slede særskildt til det bruket.
23. Desse plogane er ukjendt her.
24. Nokon egenartet varianter av ploger er ikkje blitt nytta her. I 1875 fekk dei nokre plogar hit fra ein mann som heitte Jon T. Moen, han bodde på Heimdal sør om Trondheim. Det skulle vera uvanlege gode plogar. Her vart desse plogane kalla "Engelskploga" eller "Heimdalploga"

Det fortelles og at ein lærar fra Meldal innførde nokre gode plogar

Det er ikkje noko å seia om bruken av namnet på ard eller plog utover at plog er einplog og at ard uttales: al, med tjukk l. ein ard, hankjønn. i bygdemålet.

1399

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING